

RABBen FRIESENTER AS
5463 Uskedalen
Tel. +47 408 47 387
E-post:rabben@rabben camping.no



Til Kvinnherad Kommune
Byggesak
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal

Uskedalen 20.3.2025

SØKNAD OM MELLOMBELS DISPENSASJON FRÅ AREALPLAN

Det blir vist til ny reguleringsplan med planID 20220004, Turistanlegg Uskedalen. Godkjent 20.6.2024 i kommunestyret Kvinnherad.

Det blir herved søkt om mellombels dispensasjon for å behalde dei faste campingvognene på friarealet merka GF1 på plankartet i eit avgrensa tidsrom.

På dette arealet var det på den førre reguleringsplanen med planID 4617_20110010 ei stripe med areal som var godkjent for å kunne ha faste vogner. Her har det stått vogner sidan slutten av 1990.

Me er innforståtte med at den nye reguleringsplanen ikkje tillet faste vogner på dette arealet, og har byrja med å planlegge flyttinga av dei som står der i dag. Men me søker om ei overgangsordning som går fram til 1.9.2028. Dette for at me skal kunna finna plass til dei vognene som må flyttast, då dei fleste eigarane av desse vognene gjerne vil halda fram leigeavtalen hos oss, men då på ein annan, godkjent plass.

Leigeavtalen går eit år av gangen, og leigetakarane har betalt inn plassleige fram til 1.4.2026.

I overgangsperioden vil me trinnvis flytta vognene til godkjende oppstillingsplassar etter kvart som me opparbeider nye plassar eller fråflytta plassar blir tilgjengelege.

Me håpar på forståing for denne mellombelse dispensasjonens søknaden.

Med helsing

Tove M. Heggøy og Magne L. Heggøy
Rabben Feriesenter AS